

Morten og Benedicte L. Christensen

Radøy kommune

v/Ordfører

Vågenes, 30.mars 2017

Søknad til næringsfondet i Radøy kommune – framføring av straum til ny driftsbygning

Me har bygd ny driftsbygning for mjølkeproduksjon på Vågenes. Ein framtidsretta bygning med lausdrift og mjølkerobot.

Grunna at beitekravet no også skal gjelde lausdriftsfjøsar, noko det ikkje har gjort tidlegare, måtte me plassere bygningen ved det største beitearealet mitt.

Me fekk laga kostnadsoverslag for ny driftsbygning og driftsplan for totaløkonomien og bestemte oss på bakgrunn av det for å bygga. Det som ikkje var tenkt på i planleggingsfasen var kostnad knytta til straum.

Det viste seg at dagens trafo på Håland var for liten til å dekkja vårt behov for straum. Difor vart me pålagt ein delkostnad med trafo og heile kostnaden med linjeframføring frå trafo til driftsbygningen. Kostnaden min vart kr 205.000. På bakgrunn av dette søker me Radøy kommune v/ næringsfondet om kr 130.000,-

Vår satsing innan landbruket har ringverknader for anna næringsliv, men også for lokalsamfunnet som får sjå dyr på beite og eit ope og stelt kulturlandskap.

Håpar på eit positivt svar.

Med helsing

Morten Christensen og Benedikte Lerøy Christensen

Morten Christensen

Benedikte Christensen